

Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 21.10.2021

Ann-Kristin Kristoffersen, NHO, sette fram slikt tilleggsforslag til nytt pkt. 6:

«Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesdirektørens anbefalingar om justeringar av modellen etter inntak skuleåret 2021/2022.

Nemnda meiner at Fylkesdirektørens forslag til endringar i nærskolemodellen er viktig og nødvendig for å sikre at modellen fungerer på best mogleg måte.

Det er i fellesskapets interesse at modellen fungerer godt, og yrkesopplæringsnemnda oppmodar til at modellen jamnt evaluerast og får innarbeidd forbetringar.

Det går fram i evalueringa at unge manglar kompetanse på å gjere gode utdanningsval. Dette er noko nemndt ved fleire høve har peika på, og det viser behov for å styrke rådgivningskompetanse i ungdomsskolen, for å kunne gi betre informasjon. Styrking av rådgivingstenestene i ungdomsskolen vil gjera inntaksmodellen meir robust og velfungerande.

Nemnda ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivningstenesten i ungdomsskolen, fylkeskommune og arbeidsliv. God informasjon ut til elevane samt god interaksjon er viktig for at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.»

Åsmund Berthelsen, OppKo, sette fram slikt alternativt forslag:

«Fylkestinget gjer følgjande endringar i Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune:

- 1. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskolemodellen, og søkerar med vg 1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkerar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søkjing til alle skulane med naturbruk
- 2. Utdanningsprogrammet idrettsfag vert teke ut av nærskolemodellen. Tilbodet vert då ikkje bune opp til søkeren i nærskuleområde, og ungdommane kan søkje fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønskjer.
-

Nemnda ber om at følgjande vert vurdert i den vidare handsaminga av saka:

- 1. Å gje elevar som uansett må bu på hybel ei særordning.
- 2. Ei nærmare og grundigare vurdering av om stor-Bergen kan delast opp i fleire nærskuleområde, jmfr. vedtak i sak PS 107/2020, Lokal forskrift om inntak og formidling i fylkestinget pkt.4.»

Avrøysting

Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Berthelsen sitt alternative forslag fekk ei røyst (Berthelsen) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot ei røyst (Berthelsen).

Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda

1. Omgrepet «nærskuleområde» vert endra til «inntaksområde» og den skjematiske fordelinga mellom skulane og inntaksområda vert kalla «inntaksmatrise».

2. Vestland fylkeskommune sin nærskulemodell på vg1 vil ha seks inntaksområde med tilhøyrande inntaksmatrise. Inntaksområda vert: 1) Sunnhordland, 2) Hardanger/Voss og Sogn, 3) Stor-Bergen, 4) Nordhordland og HAFS, 5) Sunnfjord og Sogn, 6) Nordfjord.
3. Utdanningsprogrammet naturbruk blir del av nærskulemodellen, og søkerar med vg1 naturbruk ved ein skule i sitt inntaksområde får nærskulepoeng til den skulen. Søkarar utan vg1 naturbruk i sitt inntaksområde får nærskulepoeng ved søking til alle skulane med naturbruk .
4. Utdanningsprogrammet idrettsfag takast ut av nærskulemodellen. Tilbodet vert då ikkje bunde opp til søkeren sitt inntaksområde, og ungdommane kan søke fritt til den skulen med idrettsfag som har den fordjupinga eller profilen dei ønsker.
5. Rett til oppflytting frå vg1 til vg2 ved same skule i eit studieførebuande utdanningsprogram vert fjerna, og søkerane konkurrerer på karakterpoeng.
6. Yrkesopplæringsnemnda sluttar seg til fylkesdirektørens anbefalingar om justeringar av modellen etter inntak skuleåret 2021/2022.

Nemnda meiner at Fylkesdirektørens forslag til endringar i nærskolemodellen er viktig og nødvendig for å sikre at modellen fungerer på best mogleg måte.

Det er i fellesskapets interesse at modellen fungerer godt, og yrkesopplæringsnemnda oppmodar til at modellen jamnt evaluerast og får innarbeidd forbetringar.

Det går fram i evalueringa at unge manglar kompetanse på å gjere gode utdanningsval. Dette er noko nemnd ved fleire høve har peika på, og det viser behov for å styrke rådgivingskompetanse i ungdomskolen, for å kunne gi betre informasjon. Styrking av rådgivingstenestene i ungdomsskolen vil gjera inntaksmodellen meir robust og velfungerande.

Nemnda ber om å få vurdert om det er mogleg å gjera eit arbeid for å sikre betre interaksjon mellom rådgivingstenesten i ungdomsskolen, fylkeskommune og arbeidsliv. God informasjon ut til elevane samt god interaksjon er viktig for at elevane skal kunne ta val og beslutningar på eit best mogleg informasjonsgrunnlag.